



Vidsteenparken Arealbruksplan

FORORD

Plan Vest har fått i oppdrag å utarbeida ein overordna arealbruksplan som kan danne ramme for opprustning og vidare utvikling av Vidsteenparken.

Stord kommunale eigedom KF er oppdragsgjevar, og har prosjektleiinga for planarbeidet. Arbeidet er initiert av Venelaget for Parken, som og har bidratt økonomisk til gjennomføring av planarbeidet.

I samband med planarbeidet er det også utarbeida følgjande teikningar:

LA 01- Eksisterande forhold og

LA 02 - Forslag til tiltak (datert 08.05.13)

Arbeidet med planen starta opp i desember 2012, og har vore følgt opp av ei plangruppe, der følgjande personar har vore med:

Venelaget for parken:	Reidar Lunde
Sunnhordland Museum:	Bjørn Arve Lunde
Næring, miljø, kultur, NMK:	Vibecke Beyer
Utviklingsgruppa:	Sylve Rusten
SKE, prosjektleiar:	Odd Ivar Vik

Frå Plan Vest har Kari Hope delteke.

Plan Vest 08.05.2012 / revidert 18.06.2012

Rapport nr.	S12870-1	Dato	08.05.13
Prosjektnamn	Vidsteenparken	Prosj.nr.	S12870
Tittel	Arealbruksplan for Vidsteenparken, Leirvik		
Oppdragsgjevar	Stord kommunale eigeendom KF		
Prosjekt - organisering	Plan Vest AS v/ Kari Hope		
Referat			
Produsert av	Plan Vest AS avd. Stord Postboks 667 5404 Stord Tlf. 53 40 37 80 Mail: post@planvest.no Web: www.planvest.no		
Kontrollert av			

INNHALDSOVERSIKT

1.	INNLEIING	4
1.1.	Historikk	4
1.2.	Formålet med planarbeidet	4
1.3.	Planprosess / medverknad	4
2.	EKSISTERANDE FORHOLD	5
2.1.	Lokalisering	5
2.2.	Planstatus	6
2.3.	Dagens bruk av området	7
3.	UTFORDRINGAR OG PLANFORSLAG	9
3.1.	Tilkomst	9
3.2.	Turstiar	11
3.3.	Aktivitetsområde	11
3.4.	Scene og amfi	12
3.5.	Sunnhordlandstunet	12
3.6.	Dr. Vidsteens minde / 'Vidsteens plass'	13
3.7.	Skjøtsel av skogen	13

1. INNLEIING

1.1. Historikk

Vidsteenparken (gnr. 27, bnr. 48) er eit område på omlag 21daa som vart overdregen til Stord kommune ved testamentantarisk gåve i 1915. Delar av parken har vore disponert av Sunnhordland museum i lang tid. Museet har sett opp ei rekke verna bygningar, og på museet sine aktivitetsdagar er deler av området i aktivt bruk. Ein del av parken har vore nytta til barnepark, og lokalitetane for barneparken vert i dag dels nytta av barnehagar i området.

Tradisjonelt har området vore nytta som tumleplass for born som bur i sentrum, og for mange som er oppvaksne på Leirvik er parken ein kjent og kjær 'hundremeterskog' i eit elles tettbygd område. Parken har også vore målpunkt for Borgartorget på 17.mai, med samling kring scena for tale og korsong.

Det har dei siste åra vore fokus på vitalisering av parken, spesielt etter oppstart av Venelaget for Parken i mai 2012. Venelaget har engasjert mange til dugnad for å gjera parken meir tilgjengeleg. Venelaget har også bidratt med gåve til finansiering av planarbeidet.

1.2. Formålet med planarbeidet

Hensikta med planarbeidet har vore å utarbeida ein overordna arealbruksplan som kan danna ramme for opprusting og vidare utvikling av Vidsteenparken. Formålet med arealbruksplanen er å få fram potensiale for auka bruk av parkområdet.

Følgjande element er særskilt nemnt:

- Område for Sunnhordland folkemuseum.
- Overbygd scene med tilhøyrande amfi
- Tilrettelegging for 17. mai feiring.
- Kartlegging av eksisterande stiar, plan for opprusting.
- Vurdering av vegstruktur.
- Plan for tynning / skjøtsel av skog.
- Tilrettelegging for aktivitet, leikeapparat, gapahuk og liknande.

1.3. Planprosess / medverknad

Plangruppa består av representantar for ulike brukargrupper: Sunnhordland museum, Venelaget for Parken og ulike friluftinteressar. Det har i planarbeidet og vore kontakt med naboar til planområdet, barnehagar i nærområdet og ulike lag og organisasjonar som kan tenkjast å ha interesse i bruk av parken.

Plangruppa har og ei politisk og eigarmessig forankring.

Det er i planprosessen halde eitt ope møte (14.mars 2013 i Museumshallen på Sunnhordland museum), der ulike brukargrupper var inviterte til å delta. Møtet var også kunngjort gjennom avisa Sunnhordland og kommunen sine nettsider. I møtet kom det fram synspunkt og idear som er teke med vidare i planarbeidet.

Arealbruksplanen har ingen formell status etter plan- og bygningslova, men er tenkt som ei planskisse som kan visa potensialet og foreslå framtidig bruk av området. Planarbeidet gir ikkje grunnlag for igangsetjing av tiltak, men må vidareførast gjennom planarbeid og kommunale vedtak før tiltak kan gjennomførast.

Stord kommunale eige KF har ansvar for gjennomføring av tiltak i området.

2. EKSISTERANDE FORHOLD

2.1. Lokalisering


Vidsteenparken ligg på Ås, ca 200 m nord for Torget. Parken ligg såleis i gangavstand frå sentrum, men er likevel noko vanskeleg tilgjengeleg pga høgdeskilnader og vegtilhøve. Tilgjenge til parken har vore eit viktig tema i planarbeidet, og er nærare omtala i kap. 3.1.

Parken har eit samla areal på ca 21 daa, og grensar til Sorenskrivarkontoret i sør, Sunnhordland museum (hovudbygget) i sørvest, og er elles omkransa av eldre villabusetnad.



2.2. Planstatus

Arealet som ligg lengst mot sør på eigedommen er i gjeldande kommuneplan avsett til "offentleg eller privat tenesteyting". Resten av eigedommen ligg innanfor gjeldande reguleringsplan R-058 vedteken /iverksatt 21.12.1994. Området er regulert til friområde, naturskog.



"...For å gjera byen tilgjengeleg og attraktiv er det difor viktig å skape gode byrom som eignar seg for ulik sosial og kulturell samhandling med universelt tilgjenge for alle grupper. Viktige byrom i Leirvik er blant anna Storddøra, Kulturhusparken, Bandadalsparken, Kaiområdet, Borggarden, Torget, Borggata som gågate, parken ved Hauglandsstøtta og Vidsteensparken v/Sunnhordland museum."

(frå kommunedelplan for Leirvik)

Vidsteenparken er ein viktig del av Leirvik sine grønne lunger. I kommunedelplan for sentrum er parken vist som eksisterande byrom som bør gjerast tilgjengeleg for alle.




2.3. Dagens bruk av området

Parken har fleire funksjonar, og blir brukt av fleire ulike grupper. Sambruken er eit positivt karaktertrekk ved området.

Parken kan likevel delast i fleire delområde etter kva funksjon som er viktigast i området, eller kva karakter området har. Ut frå dette har ein beskrive 4 hovudområde (sjå kart):

- Skogen
- Museumsområdet
- Scenen
- Leikeparken



Figur 1 Kartet viser parken sine hovudfunksjonar:



'Skogen' består av naturleg terreng med skogspreg. Tresjiktet består av furuskog med vekslende innslag av ulike lauvtre, og skogsmarka er dominert av ulike slag lyng. I deler av skogen er bøk dominerande treslag. Det er ikkje tilrettelagte turvegar gjennom skogen, men det går mange stiar i området, noko som tyder på at området vert nytta som turveg eller 'snarveg' for gåande mellom Ås og sentrum. I planarbeidet er eksisterande stiar kartlagde.



Museumsområdet er her definert som den sørvestre del av parken, der Sunnhordland museum har sine bygningar. Innanfor parken sin eigedom er det plassert ut 9 verneverdige bygg. Bygga i området er plassert i eit innbyrdes godt forhold til kvarandre, og utgjør eit roleg og hyggjeleg museumstun. Dette tunet opnar seg mot resten av parken i aust. Sunnhordland museum ser arealet kring museumsbygga som eit områdefor felles bruk, og ønskjer ikkje noko klårt skilje mot resten av parken.



Scenen med tilhøyrande tilskodarplassar utgjør eit nokså lite område av parkens totaleareal. Det er i dag anlagt 19 sitjebenkar med plass til 200-250 menneske. Ved store arrangement blir også terrenget ikring brukt som tilskodar/tilhøyrarplass. Arealet fungerer ikkje ideelt som scene, m.a. fordi kontakten mellom scene og tilskodarar er hindra av tilkomstvegen opp i området, og avstanden til scena blir for stor. Sjølv scena er og lite eigna i høve til dagens krav til lyd og tekniske tilhøve.



Leikeparken. Området lengst i søraust, har i si tid vore opparbeidd og nytta til leikepark. Området har i dag preg av å vera eit noko nedslite uteareal som ikkje tilfredsstillar dagens krav i høve til borns leik og aktivitet. Til leikeparken høyrer ei lekehytte og eit opphaldsrom med toalett.

3. UTFORDRINGAR OG PLANFORSLAG

3.1. Tilkomst

Det har vore ein føresetnad i planarbeidet å betra tilkomsten til parken, og gjera parken tilgjengeleg for alle. Brukargrupper som ligg inntil parken vil kunna nyttegjera seg parken på ein betre måte dersom tilgjenget vert betra. Dette gjeld t.d. barnehagar, Vidsteentunet og bebuarar i Leirvik sentrum (eldre og yngre).

Noverande tilkomst er frå vest via Museumsbakken, frå sør via Sorenskrivarvegen og frå aust via Åsringen. Vegen gjennom parken (Parkvegen) er stengd for gjennomkjøring, og er i prinsippet kjørbær gangveg. Det er også i reguleringsplan frå 1989 (trådt i kraft 21.12.94) regulert inn gang/sykkelveg langs vestsida av parken (i grensa mot bustadeigedomane).

Alle vegane er også for framtida føresett å vera utan biltrafikk. Unntak er kjøring i samband med vedlikehald og nødvendig uttrykking, og nyttekjøring i samband med arrangement.

Målsetjing / krav


Målsetjinga er at parken skal vera tilgjengeleg for alle, og det er generelt sett ei målsetjing i kommunen at universell utforming skal liggja til grunn. Krav om universell utforming krev at stigning på gangvegar skal vera slakare enn 1:20(5%) – eventuelt kan 1:12 (8%) godkjennast med kvilerepos for kvar 0,6m høgdeskilnad. Vegen skal også vera godt synleg for svaksynte, og ha eit jamt underlag av omsyn til gåande og trillande med vogner eller rullestolar. Etersom parken ligg på ei høgde, med bratte vegar opp på alle sider, er det ei utfordring å få til stigningstilhøve på tilkomstvegane som tilfredsstillar desse krava.

I plangruppa har ein drøfta ulike måtar å forbetra tilkomsten *til* parken, og tilgjenge *internt* i parken.

Tilkomsten frå sør ved Vidsteentunet (Vidsteenvegen) er svært bratt (22%). Ein har vurdert ny veg frå Vidsteentunet og opp, med stigning (5 -8%). Dette tiltaket vil imidlertid krevja store terrenngrep på naboeigedom (Statsbygg) og ein har valt å ikkje visa denne vegløyninga i planen.

Tilkomsten frå vest via Museumsbakken er også for bratt (12%) i forhold til krava. Vegen bør få betre dekke for å oppnå ein jamnare veg, eventuelt kan også stigninga opp frå parkeringsplassen ved museet sitt hovudbygg betrast med ein rampe.

Tilkomstvegen frå aust via Åsringen har maks. stigning ca 1:12 frå Skrivarvegen og opp, men har parti som er brattare enn 1:10. Denne vegen er likevel den som har best stigningstilhøve. Vegen er også



kort i høve til offentlig parkeringsplass ved Turnhallen. Dette er og bør også i framtida vera hovudtilkomsten til parken.

Konklusjon frå plangruppa:

Ettersom ein ikkje kan oppnå tilfredsstillande stigning på tilkomstvegane til parken, vert det foreslått at rørslehemma kan parkera ved inngangen til parken. Det er i planen vist parkering for rørslehemma ved austre 'inngang' til parken, med høve for av- og påstiging. Det vert også lagt til rette for tilkomst frå nord, med parkering for rørslehemma i parken ved enden av den øvre bustadvegen (Ås). Desse plassane skal ikkje nyttast som allmenn kjøring /parkering. Gangtilkomst frå Sæ og Parkeringshuset ved Turnhallen vil vera tilfredsstillande for dei fleste.

I planarbeidet har ein vore pragmatisk og prøver å finna realiserbare løysingar, men ein kan også drøyma om meir spenstige løysingar i høve til å få tilkomst for alle.



Slik er det i dag (Vidsteenvegen)



Er dette framtida?

(www.swissarchitects.com)

3.2. Turstiar

Gjennom parken går det fleire stiar, som resultat av bruk av området som turområde og gjennomgang mellom Ås og sentrum. I kart L01 er eksisterande turstiar teikna inn. Det går ein markert sti frå Krambua ved Sunnhordland museum opp til toppen av parken, denne følgjer så gjerdet ned mot bustadvegen (Ås). Tradisjonelt har det også gått ein sti ('Sølevegen') i søkket i austre del av parken. Venelaget for Parken har gjort ein innsats med å rydda og oppgradera stiane, og har i vår drenert og grusa opp denne traseen på ny.

Konklusjon frå plangruppa:

Plangruppa ser det som ønskeleg at dei gamle stiane vert tekne vare på og vedlikehaldne. I utgangspunktet bør det ikkje foretakast terrenginngrep i desse stiane, men mindre tiltak (grusing, rydding av stein med meir) kan gjennomførast enkelte stader for å gjera stiane meir farbare. Det vert foreslått ein ny, grusa sti frå Ås inn til øvre del av parken, for å forbetra tilkomsten her. Det vert også foreslått å leggja om stien til Parkvegen i nordvest slik at denne får eit slakare trasé. Slik den er vist vil stien imidlertid ikkje få god nok stigning i høve til universell utforming.

Planen viser også mulighet for ein ny sti tilpassa universell utforming (stigning maks. 1:12) frå nedre til øvre nivå av parken. Venelaget ynskjer ikkje å prioritera dette tiltaket no, ut frå at ein antar at terrenginngrepa vil bli for store. Prosjektet må prosjekterast nærare før eventuell opparbeiding, i dette arbeidet bør trasevalg, terrengtilpassing og materialbruk vurderast.

3.3. Aktivitetsområde

I planarbeidet har det vore eit klårt mål å skapa meir aktivitet i parken, både for born, unge og eldre. I dag er det leikeparken og aktivitetane på museet, forutan ulike scenearrangement som initierer aktivitet. Leikeparken er ikkje oppdatert når det gjeld funksjonalitet og tryggleik, og området har behov for nye attraksjonar og aktivitetsmuligheter. Skogen har i dag kvalitetar som kan vera ei god ramme for ulike friluftaktivitetar, enten dette er klatring i tre, grilling eller rast ved utsiktspunktet. Det har vore ein intensjon å ivareta fleire typar aktivitetar i området.

Konklusjon frå plangruppa:

Det er i planen vist aktivitetsområde langs stien. Her kan det leggjast til rette med utsiktsplassar med benk / bord, grilling eller leik. Til dette bør det nyttast stein eller andre naturmaterialar.

Utanfor stiane kan det også setjast av plassar for gapahuk og meir plasskrevjande leikeaktivitetar. Det er å ønskja at skogen i større grad enn no skal vera aktivitetsområde, og at det kan leggjast til rette for leik med naturlege materialar. Klatretre, steinar kan nyttast som dei er, i tillegg kan det supplerast med leikeskulpturar eller andre innretningar av naturmateriale, som kan stimulera til leik og aktivitet. Både museet og Venelaget har tankar og idear omkring dette, og utfordringa går også vidare til andre kreative krefter som ønskjer å skapa attraktive leikemiljø.

Innanfor parken sitt område bør det også finnast plass til ein attraksjon som gjer parken til eit spennande turmål for familiar, - ein klatrepamide eller kanskje eit utsiktstårn ? Denne attraksjonen kan gjerne vera ein utsmykking som også kan kombinerast med aktiv bruk.

Tidlegare leikepark kan nyttast til serviceområde. Deler av området må nyttast til aktivitetar.

3.4. Scene og amfi

Store arrangement i parken, som konsertar og 17.mai-arrangement, er i stor grad avhengig av at scenefasilitetane er gode, at arrangørar har nødvendig teknisk infrastruktur og at publikum har tilfredsstillande tilhøve når det gjeld utsyn, sitjeplassar, toalettforhold osv.

Det har ikkje vore rom for å gjera grundige brukarundersøkingar med omsyn til dette, men ein har slått fast at anlegget pr. i dag er ikkje tilfredsstillande. Gjennom planen har ein forsøkt å ha fokus på:

- Betre kontakt mellom scene og publikum
- Utnytting av terrenget til tilskodarplass (amfi)
- Universell utforming

Konklusjon frå plangruppa:

Ein har vurdert ulike plasseringar av scene, men vurderer det slik at scena framleis skal vera nært knytt til skogen i parken, og at terrenget kan utnyttast som publikumsplass. . Amfi bør kunna byggjast i terrenget utan store inngrep, og med god tilpassing kan terrenget omkring amfiet også nyttast av publikum ver arrangement. . Planen viser at publikumsområdet blir om lag som i dag, men ei ny scene plassert nærare publikumsplassane. Parkvegen er forelått lagt om for å få unngå at den skil scena og tilskodarplassane.

Mangelfullt service-og toalettanlegg er drøfta i planarbeidet. Det er ulike måtar å løysa dette på, om plangruppa har ikkje konkludert omkring dette. Men i planen er det sett av areal for 'Serviceområde' i austre del av parken, ettersom ein ser det som naturleg at dette vert plassert i nærleiken av tilkomsten frå Åsringen.

3.5. Sunnhordlandstunet

Sunnhordlandstunet utgjer ein viktig del av parken, som gir positive opplevingsverdiar til området. Museumsbygningane representerer ulike deler av vår kulturhistorie, frå røykstove til skulestove og krambu. Bygningane blir brukte aktivt i samband med aktivitetar på museet. Sunnhordland museum har ingen konkrete planar om å plassera fleire bygg på området, men har uttrykt ønskje om å utvida samlinga over nyare bygg med eit tradisjonelt bedehus, som er typisk for regionen.

I planarbeidet har ein difor vurdert høvande plass for eit bedehus (som museumsbygg), sjølv om ein pr.idag ikkje har eit konkret bygg å visa til. Av omsyn til heilskapen i museumstunet vil det høva i nærleiken av skulehuset og krambua. Bedehuset sin funksjon som forsamlingshus kan utnyttast i kombinasjon med annan verksemd i parken. Shl. Museum er positiv til sambruk, og plangruppa er difor open for at kafé-, salgsverksemd og toalettanlegg kan løysast i samband med bedehuset, om det vert realisert. Det må gjerast nærare vurderingar av behov og kapasitet, og ein føreset at det ved større arrangement vil vera behov for andre, midlertidige løysingar for toalettanlegg mm.



Konklusjon frå plangruppa :

Mogeleg plassering av nytt museumsbygg er vist i planen. Plasseringa må vurderast nærare ut frå storleik på bygget, og kva funksjon bygget skal ha. Dersom bygget også skal tena som servicebygg, slik føresett ovanfor, kan det vera aktuelt å plassera bygget nærare tilkomsten til parken (i aust).

3.6. Dr. Vidsteens minde / 'Vidsteens plass'

Parken vart i 1915 testamentert til kommunen (Leirvik brann- og bygningskommune) av Birgitte Vidsteen – enka etter distriktslege Christian Bang Vidsteen, på vilkår av at område skulle tena som park for Leirvik sine bebuarar. Eigedomen fekk namnet 'Dr. Vidsteens Minde', men har i dagleg tale som 'Parken'.

Venelaget for Parken har fremja forslag om at plassen mellom museumsbygga bør få sitt namn etter den som testamenterte området til parken, og kallast Vidsteens plass. Det er også forslag om å plassera eit minnesmerke /byste i parken.

Konklusjonen frå plangruppa:

Den opne plassen mellom dei verna museumsbygga i Sunnhordlandstunet, som er lett tilgjengeleg for alle, vil framleis vera eit viktig område for aktivitet i parken. Den sentrale plassen her bør framleis vera open, slik at Sunnhordland museum kan ha sine publikumsretta aktivitetar, og andre lag og organisasjonar kan samla folk til ulike arrangement.

Området bør rustast opp, ved istandsetjing av murar og trinnfri overgangar mellom vegen og plassen. Her er også plassert flaggstong til bruk på 17.mai og ved andre tilstellingar.

I plangruppa er det støtte for at Vidsteen-namnet bør visa igjen i parken, og gjerne kan knytast til denne plassen. Det er ikkje teke stilling til eventuell plassering av byste, dette må avklarast seinare.

3.7. Skjøtsel av skogen

Parken, slik den framstår i dag, har i øvre del preg av naturpark, nedre nivå består av enkelt tilrettelagt uteareal kring museumsbygningane. Det er anlagt vegar gjennom området, og tilrettelagt med grasbakke mellom museumsbygningane, elles er lite av området parkmessig opparbeida.

Det vart i 1992 vedteke retningslinjer for skjøtsel av skogen i parken (av komite for miljø og kultur – møte 07.04.1992), der det vart vedteke at skjøtsel av skogen skal fremja hovudvekt på furu.

'Skjøtelsplanen' gjev elles følgjande prinsipp for korleis skogen skal skjøttast:

1. Skogen skal vera frisk, sjuke og skadde tre skal hoggast
2. Balansen mellom dei ulike treslaga i parken – bøk, lønn, gran, furu, bjørk, kristtorn, eik, ask, raun, selje og hassel skal regulerast slik at alle tresortar får ei sunn og triveleg utvikling.
3. Kristtortrea skal klyppast der det er naudsynt
4. Krattskog og undervegetasjon kan tynnast, men skal ikkje utryddast, m.a. må ein sikra forynging a av utgåtte tre.

Ein del av arbeidet med plan for Vidsteenparken har vore å vurdere gjeldande skjøtelsplan, og å gi retningslinjer for framtidig skjøtsel av skogen. Det har ikkje vore ressursar til å utarbeida ein detaljert skjøtelsplan, men prinsipp for framtidig skjøtsel, basert på landskapsfaglege vurderingar, er vurdert av konsulent. Venelaget for parken har også gjort vurderingar og kome med relevante innspel i høve til skjøtselstiltak.

Skogspreget er viktig for at parken framleis skal vera ei grøn lunge. For mange er omgrepet 'Parken' nettopp knytt til det skogkledde området. Teikning L01 viser avgrensinga av eksisterande skog, området som er merka mørk grønt markerer område med preg av skog. Skogen har pr. i dag preg av bøk og furu i tresjiktet, med ein underskog av kristtorn, bøk og ulike andre lauvtre. Tradisjonelt har

området vore dominert av furu, men det har over tid skjedd ein suksesjon mot meir dominans av bøk. Bøk er ikkje eit mykje utbreidd skogstre på Stord, men er likevel vanleg i naturen her. Bøk vart truleg planta inn på Stord kring 1870-1890, og har seinare blitt spreidd i skogane.¹ Ifølge Sørheim var det også i 1969 rikeleg med bøketre i parken på Leirvik. Bøketreet tilpassar seg skugge betre enn t.d. furu. Furu har likevel halde stand i parken, trass i 150 års sameksistens med bøken. På sikt vil furua tapa for framvekst av bøk, som er ein meir skuggetålande art.

Skogen er ikkje berre ein samling med tre, men omfattar også skogbotn med lyng og gras og tilvekst av ungplantar. Skogsmarka (feltsjiktet) i parken er dominert av blåbærlyng. Naturtypen er resultat av naturlege veksttilhøve og menneskeleg påverknad gjennom lange tider. Naturpreget varierer innanfor området, og i deler av skogen er skogbotnen slitt og prega av trakk og erosjon. Her vil hardføre grasarter etter kvart erstatta lyngen.

Skjøtselsmetode må velgjast ut frå den tilstand området har i dag, og kva ein ønskjer å oppnå. Ved skjøtsel av skogen er det mange omsyn å ta. I parken er det området sin verdi som rekreasjonsområde som er viktigast. Det er også ønskjeleg å ivareta variasjon og biologisk mangfald i området som sikrar forynging av skogen vidare. Framfor alt er det viktig å unngå innslag av framande, svartelista arter. Bevaring av underskog vil vera eit middel til å unngå innvandring av lyselskande arter som ikkje har sitt opphav i området.

Av omsyn til skogens opplevingsverdi vil det vera viktig å skapa eit variert skogspreget, der fleire planteslag som er naturleg i området vert representert, både i tre- og feltsjikt. Opplevingsverdien tilseier også at ein også bør opna skogen noko for utsikt. Dette kan gjerast ved å tynna i skogen langs enkelte siktlinjer, t.d. frå viktige utsynspunkt. Dette må likevel gjerast på ein måte som ikkje skaper opne gater i skogen. Siktlinjer kan sikrast ved å tynna i greiner og eventuelt stamma opp enkelte tre. Store, gamle tre bør bli ståande, om ikkje rote gjer at dei står i fare for vindfall. Om fleire store tre blir felt, kan andre bli utsett for å velta i storm. For å avgjerda kva tre som kan / bør fellast, bør det kontaktast kvalifisert trepleiar som kan vurderer tilstanden for trea.

I tilknytning til stiane vil det vera ønskjeleg å halda skogen fri for kratt. Det er likevel viktig å ikkje rydda bort all undervegetasjon utanfor stiane, men å ta vare på ungtre for fornying av skogen. Når grupper av ungtre av bøk eller furu har vakse til, kan denne erstatta tre som av ulike årsaker må fellast..

Eldre tre bør ikkje fellast utan at det er sjukt eller utgjer fare for omgjevnadene (fare for vindfall).

Før vidare inngrep i området bør det utarbeidast ein meir detaljert skjøtselsplan, der ein tek omsyn til dei ulike delområda i parken, og siktar mot ein variert og berekraftig skog.

Konklusjon frå plangruppa:

Endring av noverande skjøtselsplan krev reguleringsendring.

For alle delområda i parken skal det lagast eigne skjøtselsplanar som skal godkjennast av Stord kommune. Det har skjedd mykje i parkskogen sidan siste skjøtselplan vart laga (1992) og ein må difor ikkje vera bunden av gjeldande skjøtselsplan med omsyn til korleis den nye parkskogen skal utformast for framtida.

¹ Kristen Sørheim:Floraen på Stord

Skogen kan delast i ulike soner, der ulike type skog vert framelska (og med ulike skjøtsel). Sentrale og austre del av skogen skal ha karakter av open parkskog (her definert som lysope, tresett område med dominans av store, eldre tre), medan tettare, 'naturlig' skog kan etablerast i vestre del (mot Parkvegen).

Generelle retningslinjer for 'parkskogen':

- Ingen store tre skal fellast, utan etter tilråding frå autorisert trepleiar.
- Det skal generelt tilstrebast ein open parkskog med mangfald når det gjeld tilvekst og artsforekomster.
- Stiar (inntil 1m på kvar side) kan ryddast for busker og små-tre.
- Etablering av nye stiar og utsiktsplassar skal ta omsyn til terreng og vegetasjon
- Eksisterande steingardar og murar skal bevarast og vedlikehaldast